

VOSSA JAZZ

RAPPORT - VOSSA JAZZ – 2009



Vossa Jazz 2009 var ein suksess både kunstnarleg og publikumsmessig.

FESTIVALEN 2009

I løpet av festivalen fann 44 tilskipingar stad. Antal betalande publikumsbesök på tilskipingane var 10 905. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidrarar betyr det at festivalen totalt hadde om lag 16 500 publikumsbesök.

Med nyskriven tekst, delvis på rim, opna Arne Hjeltnes saman med Kåre Kolve den 36. festivalen. Opningskonserten presenterte ei verdspremiere; "O Shakuntula" - ei hylling til kjærleiken av og med den indiske slidegitaristen Debashish Bhattacharya. Han hadde mellom andre med seg to kvinnelege instrumentalistar; det er fyrste gong i historia at indiske kvinnelige instrumentalistar deltek i band på denne måten.

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket, denne gongen av og med Solveig Slettahjell. Ho leverte eit verk som fekk strålande omtale hjå både publikum og presse. Med seg hadde ho sitt eige Slow Motion Project som består av eit knippe glitrande musikarar; Sjur Miljeteig, Morten Quvenild, Andreas Ulvo, Even Hermansen, Jo Berger Myhre og Per Oddvar Johansen.

Ekstremjazz fann stad for tredje gong og "Salto – Goodbye, have a safe journey and follow your heart" vart gjennomført med stor suksess! Målet med slike kryssover-tiltak er m.a. at nye tilhørarar skal få oppleva noko dei ikkje normalt oppsøker. Bak gratisframstillinga på og ved Vangsvatnet laurdag kveld stod Jon Balke og hans perkusjonsgruppe Batagraf, dansekompaniet Wee koreografert av Francesco Scavetta og ekstrem sportutøvarar; fallskjermhopparar og dykkarar i tillegg til lokale amatørar.

Ved å blanda element frå fleire festivalar på Voss viser me eit mangfald som er særskilt viktig for bygda. Om lag 1500 kom for å høyra og sjå Ekstremjazz 2009. At lokale og internasjonale storleikar innan jazz og ekstrem sport slår seg saman og skapar ei slik framstilling er noko unikt! Årets prosjekt var ei storsatsing og unik med tanke på menneskelege og materielle ressursar der jazz og folkemusikk, dans og ekstrem sport var element i ei spektakulær dramatisering av utvandringa frå Voss på 1900-talet.



Vossa Jazz skal gje musikalske opplevelingar utanom det vanlege, òg for dei yngste: Laurdag var det konsert med "No får det vera Rock!" ute på Mølstertunet.



I samarbeid med Voss Internasjonale kvinnegruppe, Voss kulturelle matfestival og Hardanger og Voss museum var det òg aktivitetar og sal av kortreist mat med internasjonal vri. Sundag fann endå ei nyskaping stad, Badnjazz sitt tingingsverk: "Fargespill – fleire fargar på Voss". Born og unge frå Bulken, skule, Voss ungdomskule og Voss mottak hadde øving og innstudering i førekant saman med Sissel Sau, Hilde Sol Erdal og Ole Hamre. Saman med born og unge frå Bergen leverte dei eit fargerikt fyrverkeri av ei framsyning som vil sitja spikra i minna til dei som var så heldige å få plass i ein fullsett Vossasal.



Vossa Jazz har òg ei sterk satsing på ungdom; UNGjaJAZZja! Ungdomssatsinga er eit samarbeid mellom Voss Kulturskule, Voss Jazzskule, Voss skulemusikk og Vossa Jazz. Satsinga har vore svært vellukka, og Vossa Jazz vil halde fram dette viktige arbeidet. Nytt av året var prisen UNGjaJAZZja! som vart delt ut av Vossa Jazz sin hovudsponsor; Vossa Jazz lauet. Prisen på kr 10 000 skal gå til unge band/artistar som har hatt stor utvikling og spreidd musikkglede for seg sjølv og andre det siste året.

Tilbod om individuell undervisning på trommer, gitar, saksofon, piano og samspelundervisning går året gjennom. Under festivalen skipa Vossa Jazz til gratiskonsertar med studentar frå Jazzlinja i Trondheim og Bergen Ungdomsstorband, verkstader med studentane frå Trondheim som instruktørar og konsertar levert av ungdomane på Voss. Slik vert UNGjaJAZZja! ei satsing som er for, av og med ungdom.



Som tidlegare var Osasalen på Ole Bull Akademiet akustisk scene; Steinar Raknes Quartet, Rune Mandelid, Jef Neve og Wu Fei gav alle sterke konsertar av høg kvalitet.

Fraktgodsen er ei flott jazzscene; og det var eit ekstra hyggeleg gjensyn med Misha Alperin og Andy Shilkloper som var attende på festivalen, 20 år etter fyrste møte. Norsk jazz er i toppklasse og me fekk presentert noko av det beste under Vossa Jazz i år: The Core and More, Trondheim Jazzorkester med Erlend Skomsvoll og Helge Lien Trio. I tillegg gjorde franske namn menyen ekstra god: Emile Parisien quartet og Andy Emler MegaOctet. Alle stod for konsertar av høg kvalitet. Spesielt Andy Emler MegaOctet sin funky, musikalske galskap skapte eit møte mellom musikarar og publikum av dei sjeldne.

Tradisjonelt har Vossa Jazz presentert jazz, folkemusikk og verdsmusikk. I år var det to: Dansk/brasilianske Silvana Malta starta fredagsnatta og vart følgd av finske Värttinä som stod for verdsmusikk i toppklasse. Det er viktig å utfordra band og musikarar til å levera materialet sitt i ny innpakning og med nye medmusikantar. Real Ones gjorde ein forrykande konsert laurdagsnatta på Park med fantastiske gjesteartistar: Debashish Bhattacharya, Subhasis Bhattacharya, Sjur Miljeteig, Kjetil Møster og Geoff Burner.

Årets kyrkjekonsert stod Carl Petter Opsahl og Tord Gustavsen for, og det var ei vakker stund med rom for ettertanke.

Humor på Voss. Pratagraf, som består av perkusjonsensembla Batagraf og pratemakarane Are Kalvø og Espen Beranek Holm, Kniv og Taffel Swingjazzorkester med Jon Hjørnevik og Halvor Folgerø og Polkabjørn og Kleine Heine sytte for at publikum ikkje kunne gå gjennom festivalhelga utan å trekka på smilebandet.

Vossa Jazz er ein nyskapande festival og me leverer kvart år eige Tingingsverk, I tillegg hadde me i år tre andre nye produksjonar, ”Fargespill – fleire fargar på Voss”, Ekstremjazz med Balke og Scavetta og den fjerde nye produksjonen som Ole Henrik Giørtz stod for. Han leverte nyskriven musikk for Ab und Zu i samspel med Bergen Big Band. Norsk jazz var nok ein gong godt sterkt representert.

Årets festival baud som vanleg på eldrexjazz, samt gratiskonsert både på torget og jazzkafé på Park. I tillegg hadde me konsert med Polkabjørn og Kleine Heine på Hangursrestauranten laurdag ettermiddag. Jodling og trekkspel kombinert med vakker Vossanatur er ein god kombinasjon! Vossa Jazz er ein vinterfestival, og det er difor naturleg å samarbeida med aktørar som tilbyr aktivitet i skibygda Voss.

Vossa Jazz er oppteken av miljø. Næringslivsseminaret ”Vossakveik” vart skipa til i samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk der tema var klima og reiseliv. Arne Hjeltnes og Liv Signe Navarsete var nokre av innleiarane som gjorde dette til eit svært godt møte. I tillegg hadde festivalen fokus på godt klima, inne og ute. Det er viktig at alle trives på festivalen; både musikarar, gjester og medarbeidarar. Me nyttar avlagte møblar og liknande i scenedekoren vår og hadde fokus på å nyttar miljøvenleg transport så langt det var mogeleg.

Konklusjonen for Vossa Jazz 2009 er at festivalen har levert eit program med høg kvalitet, stor breidde i tilboda og ein klar profil. Vossa Jazz er stolte av det gode samarbeidet me har med andre aktørar i bygda, og at tilreisande seier at det er ein spanande festival med eit godt klima for god musikk og gode opplevelingar.

ØKONOMI - OFFENTLEGE TILSKOT

Den vellukka festivalen i år – m.a. med auka publikumstal - gjer at Vossa Jazz no er komen over den verste kneika. Det er likevel viktig å understreka at styret og administrasjonen òg framover vil ha sterkt fokus på økonomistyring.

Festivalen mottok i 2009 kr. 1.150.000 frå Norsk Kulturråd, kr. 343.000 frå Hordaland Fylke (25 000 av desse går til Vossa Jazz prisen) og kr. 225.000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg mottok festivalen prosjekttilskot m.a. frå Norsk Kulturråd, Arbeid og Inkluderingsdepartementet og Visjon Vest.

Det offentlege driftstilskotet har vore uendra dei siste åra. Det er difor særstakt viktig at me vert sikra ei oppjustering av tilskota framover, då offentleg medverknad er avgjerande for vidare kunstnarleg utvikling av Vossa Jazz.

SPONSORSTØTTE

Festivalen sin hovudsponsor er det lokale næringsliv gjennom Vossa Jazz lauet. Dette sikrar sponsorinntekter i overkant av kr. 400.000 pr. år også neste år. Festivalen har, som alle andre kulturtilstskiparar, arbeidd hardt, utan at det har gjeve nokon tydeleg gevinst for sponsorinntekter av ”nasjonale sponsorar”.

Voss, 12. mai 2009

Trude Storheim,
Dagleg leiar